



## 5 Oppvekst

### Drift

Teneste	5 Oppvekst	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
	alle tal i heile 1000	2020	2020	2020	2019
2110	BARNEHAGE	85 467	82 698	82 547	81 791
2111	STYRKA TILBOD TIL FØRSKOLEBARN	8 829	9 910	9 910	9 646
2120	GRUNNSKOLE	107 357	110 957	109 435	112 754
2121	PEDAGOGISK RETTLEIINGSTENESTE	687	869	869	819
2130	VAKSENOPPLÆRING	2 143	3 721	3 721	3 175
2150	SKOLEFRITIDSTILBOD	2 696	2 266	2 562	1 526
2210	BARNEHAGELOKALER OG SKYSS	-	-	-	0
2220	SKOLELOKALER	1	-	-	-12
2230	SKOLESKYSS	1 607	1 833	1 833	1 977
<b>Sum gruppeansvar: 5 OPPVEKST</b>		<b>208 786</b>	<b>212 255</b>	<b>210 877</b>	<b>211 678</b>

Giske er den mest barnerike kommunen i fylket. I 2020 var 22,7 % av innbyggerane under 16 år. 8,7 % var i førskulealder. Nesten halvparten (45,8 %) av kommunen sine driftsutgifter går til barnehage og skule. 19,1 % av kommunens samla netto driftsutgifter går til barnehage, og 26,7 % til grunnskule. I 2020 har det vore arbeid systematisk for å redusere kostnadane innanfor oppvekst, og dette medførte eit mindreforbruk på knapt 3,5 mill. kroner.

### Tilsettfra v er

Tenesteomr�de	Korttid	Langtids	Totalt
2110 Barnehage	3,0 %	2,3 %	<b>5,3 %</b>
2111 Styrka tilbud til førskulebarn	3,1 %	2,7 %	<b>5,8 %</b>
2120 Grunnskule	1,1 %	5,1 %	<b>6,2 %</b>

Tenestemråde	Korttid	Langtids	Totalt
2150 Skulefritidstilbod	1,4 %	10,3 %	11,6 %
<b>Totalt</b>	<b>1,5 %</b>	<b>5,0 %</b>	<b>6,4 %</b>

## Økonomi

I 2020 har oppvekstsektoren hatt eit sterkt fokus på økonomi. Samla kostnader vart redusert med om lag 2,9 mill. kroner i høve til 2019.

### Teneste 2110 Barnehage

Dei kommunale barnehagane hadde eit mindreforbruk på til saman 382.000 kroner. Likevel har teneste 2110 eit meirforbruk på om lag 2,8 mill. Dette skuldast i hovudsak at ein ikkje tok høgde for reduserte inntekter for barn frå Ålesund kommune, samt at det vart utbetalt kompensasjon for tapt foreldrebetaling då barnehagane var stengde på grunn av korona.

### Teneste 2111 Styrka tilbod til førskolebarn

Tenesta reduserte kostnaden frå 2019 med om lag 820.000 kroner, og hadde eit mindreforbruk på om lag ein million på grunn av reduserte kostnader til assistent i private barnehagar.

### Teneste 2120 Grunnskule

Dei største innsparingane er gjort i grunnskulen. Samla kostnader var 7,8 mill. lavare enn i 2019, eit mindreforbruk på 3,6 mill i høve til endra budsjett. Dei viktigaste grunnane til denne nedgangen ligg i reduserte pensjonskostnader (3,4 mill i høve til 2019) og mindre arbeidsgivaravgift (1,5 mill i høve til 2019). Bruk av vikar og engasjement er redusert med om lag 1,5 mill kroner.

### Teneste 2121 Pedagogisk rettleiingsteneste

Tenestemrådet har eit mindreforbruk som skuldast at bundne fond vart avvikla og godskrivne rekneskapen.

### Teneste 2130 Vaksenopplæring

Frå hausten 2020 kjøper Giske vaksenopplæringstenester frå Hareid kommune. Dette blir mykje rimelegare for Giske, sjølv om elevane får kompensert dei ekstra reisekostnadene. Saman med redusert tal på deltakarar, har dette medført eit mindreforbruk på ca. 1,6 mill.

### Teneste 2150 Skulefritidstilbod

Giske har den høgste foreldrebetalinga i fylket. Det blir gjort årlege utrekningar av sjølvkost i SFO-ordninga. Nettokostnaden går til ekstra tiltak for barn med særskilte behov.

### Teneste 2230 Skoleskyss

Kostnadane ligg 226.000 under budsjett. Dette skuldast at fylkeskommunen ikkje fakturerte skyss då skulane var stengde.

Mål	Kva er gjort	Resultat
Lærarnormen krev auka lærarinnsats		Skulane manglar om lag 3 lærarårsverk
Fagfornyninga – nye læreplanar skal setjast i verk 2020	Arbeidet med fagfornyninga er i god gjenge	
Snarleg avklaring og eventuelt implementering av ny skulestruktur og	Kommunestyret har vedteke at ungdomstrinnet skal samlast på	Arbeid med samanslåing er godt i gang i regi av ei politisk oppnemnd styringsgruppe.

Mål	Kva er gjort	Resultat
struktur for leiing i skulen jf. igangsett utgreiingsarbeid	Valderøya, og at elevane på barnesteget skal samlast på Godøy skule	
Høgt tal på elevar med spesialundervisning og høgt tal på årsverk brukt til spesialundervisning går på bekostning av tilpassa opplæring og tidleg innsats. Oppfølging og iverksetjing av tiltak vedteke av kommunestyret.		Reduksjon i spesialundervisning frå 12% til 9,4%
Vidareføre leiarprogrammet "To fram" i barnehagane i samarbeid med Sula kommune og Ringer i vann.	Programmet avslutta i 2020	Barnehagane har nye samordna rutiner.
Innføre programmet "På sporet" for elevar som står i fare for å utvikle lese- og skrivevanskar	Vidareført til også å gjelde arbeid med grunnleggande begrep	Arbeidet pågår
Vidare arbeid med digitalisering	Ny ID-handtering kom på plass med Feide 2.0 som gir tilgang til mange nye tenester. Innføring av Microsoft 365 gir alle tilsette og alle elevar tilgang til felles digitale flater.	Digital heimeundervisning kunne iverksetjast frå første dag med koronastengd skule.
God kvalitet grunnskule	Årleg tilstandsrapport for grunnskule blir behandla av kommunestyret.	Sjå K-sak 084/20
Vidareføre arbeidet med TALK-prosjektet, sosiale læreplanar for menneske med høgtfungerande autismespekterforstyrrelse	Både barnehagane og helsetenestene er no med i prosjektet.	Barn med autismeutfordringar møter tilrettelagd skuletilbod.
God økonomistyring	Månadleg rapportering og oppsummering per tertial. Rammeområdet hadde mindreforbruk.	Målet er nådd

## Korona

Då skulane måtte stenge på kort varsel 13. mars, var ein raskt i gang med digital heimeundervisning med hjelp av eit spekter av digitale kanalar og arbeidsflater. Microsoft Teams vart eit sentralt verktøy saman med t.d. læringsplattformen Showbie, SMS-tenesta Transponder, og opne Facebook-kanalar. Giske har eit nyleg oppgradert identitetshandteringssystem som sikrar alle tilsette og elevar tilgang til dei digitale ressursane, og dette fungerte svært bra.

I perioden med nedstenging vart det gitt tilbod om barnepass i barnehage og SFO til foreldre med samfunnskritiske funksjonar. Elevar med særlege behov vart følgt opp så godt det let seg gjere. Opning av skular og barnehagar på raudt nivå med små grupper og korte dagar har vore eit gode for mange av desse barna.

Då skular og barnehagar gradvis opna etter påske og framover, var det venta at ein sterk auke i vikarbruken, sidan både tilsette og barn måtte haldast heime også ved lette luftvegsymptom. Dette har gitt mindre utslag enn venta.

## Bærekraft, bærekraftsmål nr 17, saman for å nå måla

Tilsette i oppvekstsektoren erfarer å ha bruk for eit tettare samarbeid med fokus på å utvikle likeverdige tenestetilbod i barnehage og skule. Det har vokse fram ei forståing av at kapasiteten aukar når tilsette og leiing lærer saman og av kvarandre. Teknologisk kompetanse og erfaring med digitale møterom har opna opp for effektivt samarbeid internt i oppvekst, på tvers av einingar og også tverrfagleg. Eit tydeleg frampeik vil vere å utvikle god og effektiv samhandling til beste for barna som veks opp her. I denne samhandlinga vil det også vere rom for føresette, frivillige, lag og organisasjonar.